

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: tysdag 14. september 2021
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, kommunestyresalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektøren er invitert i sak 13 og 14

SAKLISTE:

- 12/21 Godkjenning av protokoll frå møte 29.04.21**
- 13/21 Referat- og orienteringssaker 14.09.21**
- 14/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef oppvekst**
- 15/21 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde**
- 16/21 Revisor si egenerklæring for 2021**
- 17/21 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2021**
- 18/21 Budsjett for 2022 - kontrollarbeidet i kommunen**

Ymse

Aksdal, 07.09.21

Tormod Skeie (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.09.21	12/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 29.04.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 29.04.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 29.04.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 29.04.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 07.09.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Torsdag 29. april 2021 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen og Teams
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Henrik Halsne (Ap), Per Gudmund Øxtra (Sp) og Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen – Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Personalsjef Tordis Kristin Tobiassen i sak 9. Kommunekasserar Arnfinn Gundersen deltok på Teams i sak 10.
ANDRE SOM MØTTE:	Suldalsposten
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 7, 8, 10, 11, Ymse og 9

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 07/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.02.21****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 11.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 29.04.21:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.21:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 11.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 29.04.21

12. Statusoversyn pr. april 2021
13. KST-vedtak 23.03.21, sak 21/21 – rapport «Psykisk helsehjelp»
14. Brev frå «Borger i Rogaland», dagsett 14.03.21
15. Kommenterar til «Anonymt brev med udokumenterte påstander» frå ordførar og leiar i LMT-utvalet
16. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
17. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
19. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
20. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
21. Brev vedk. Norsk Stein frå Nora Haaland Seringstad med fleire (totalt 17 personar)
22. E-post frå Bjørn-Arild Andersen til utvalsleiar vedk. mangel på svar frå kommunen

Handsaming i kontrollutvalet 29.04.21:

Leiar gjorde greie for referatsakene.

Norsk Stein

Under pkt. 14-15 og 21-22 drøfta utvalet innsendte brev, lesarbrev i lokalavisa og andre innspel. Medlemmene var samde om at saka ikkje hørde inn under utvalet sitt mandat.

Utvalet var samd om følgjande uttale: «*Kontrollutvalet vil oppmode alle partar til å ha ein open og konstruktiv dialog i prosessen vidare.*».

Utvalet ønskte at utvalsleiar sitt svar til Andersen vert sendt vidare til administrasjonen, med oppmoding om å svara på hans e-post.

Sekretæren minna om påmelding innan 18.05.21 til FKT-konferansen i juni.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.21:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 12 – 20 til orientering.

Uttale vedkomande Norsk Stein

Kontrollutvalet vil oppmode alle partar til å ha ein open og konstruktiv dialog i prosessen vidare.

Kontrollutvalsleiar si tilbakemelding til Andersen vert sendt vidare til administrasjonen med oppmoding om å svara på hans førespurnad frå 11.02.20 vedk. Norsk Stein.

SAK 09/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - PERSONALSJEF

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå personalsjefen om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 29.04.21:

Personalsjef Tordis Kristin Tobiassen orienterte og viste ein presentsjon. Ho gjorde greie for sitt ansvarsområde, korleis dei var organisert, budsjettrammer, tal på tilsette, tenestene og oppgåvene som avdelinga utfører og framtidige utfordringar. Kommunedirektøren har fremma forslag om omorganisering, og då vil avdelinga bli lagt under Servicetorget. Personalsjefen svara på spørsmål, om mellom anna sjukefråvær, politiattestar og teieplikterklæringer.

Leiar takka for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.21:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå personalsjefen om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 10/21 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

Handsaming i kontrollutvalet 29.04.21:

Kommunekasserar Arnfinn Gundersen deltok på Teams og orienterte om årsrekneskapen. Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte om revisjonen sitt arbeid. Utvalet ønskjer at revisor nyttar nynorsk på alle sine uttalar og attestasjonar. Revisor lova å etterkome dette ønskje. Kommunekasserar og revisor svara på spørsmål.

Utvalet slutta seg til framlegg til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.21 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre.

Suldal kommune har i 2020 eit positivt netto driftsresultat med 32,9 mill. kr, som utgjer 5,7 % av driftsinntektene. Det er eit litt dårlegare resultat enn i 2019, som var på 10,1 %. Resultatet i 2020 er framleis godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Suldal kommune for 2020.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

SAK 11/21 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2020 og revisor si gjennomgang til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 29.04.21:

Revisor Tore Kristensen gjorde greie for attestasjonsuttalen. Revisor hadde ingen særskilte merknader, men han meinte kommunestyret sitt vedtak om at husleigene «kan» regulerast i tråd med konsumprisindeksen (KPI) var ei uklår formulering.

Medlemmene var samd med revisor i dette, og vil oppmoda kommunestyret til å klargjere om husleigereguleringane skal regulerast i tråd med KPI årleg eller ikkje. Slik det er no, er det opp til administrasjonen om kva som skal gjerast.

Utvalet hadde elles ingen merknader og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.21:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2020 og revisor si gjennomgang til orientering.

Suldal kontrollutval oppmodar kommunestyret til å klargjere om husleigereguleringane skal følge konsumprisindeksen årleg eller ikkje.

YMSE

Klimarapportering

Leiar viste til sak under Ymse 11.02.21 om klimarapportering. Revisor og sekretær hadde ikkje noko nytt å melde, og vil ta innspelet med vidare.

Neste møte: torsdag 17.06.21, kl. 10.00

Saker: orientering frå kommunalsjef oppvekst.

Sand/Aksdal, 29.04.21

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.09.21	13/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.09.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 21 – 31 til orientering.

21. Statusoversyn pr. september 2021
22. Perioderapportering pr. 31.07.21 frå Rogaland Revisjon IKS
23. «Klimarapportering» - tilbakemelding frå Rogaland Revisjon IKS, dagsett 04.07.21
24. «Heimfall Røldal Suldal Kraft» brev frå Oddvin Marvik, dagsett 26.05.21
25. Førebels svarbrev til Oddvin Marvik, 22.06.21
26. E-post frå Bjørn-Arild Andersen 06.08.21 vedk. Norsk Stein AS
27. Brev frå Nora Haaland Serigstad og Simen Bie Malde 01.09.21 vedk. Norsk Stein AS
28. E-post frå Bernt Jarle Vatland 05.09.21 vedk. løyving til WindWorks-prosjektet
29. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
30. Haugaland brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
31. FKT-medlemsinformasjon juni 2021

Vedk. pkt. 23 – Klimarapportering

I møteprotokollen frå 11.02.21 står det mellom anna følgjande under sak Ymse:

Leiar utfordra revisorane Svein Kvalvåg og Frøy Losnedal til å diskutera dette med RR og melda tilbake om RR har kompetanse og interesse i å tilby slik rapportering/klimarekneskap til kommunane.

Rogaland Revisjon IKS har i notatet dagsett 04.07.21 gitt ei tilbakemelding på utfordringa frå utvalsleiar.

Vedk. pkt. 24 - Heimfall Røldal Suldal Kraft

Ordførar og kommunedirektør er orientert om brevet. Dei vil delta i møtet for å orientera om status i saka.

Vedk. pkt. 26-28 – Norsk Stein AS og WindWorks-prosjektet

Utvalet har fått fleire e-postar/brev vedkomande Norsk Stein AS og WindWorks-prosjektet.

I førre møte 29.04.21 drøfta utvalet innspel vedkomande Norsk Stein AS. I protokollen står det mellom anna i sak 8/21:

Under pkt. 14-15 og 21-22 drøfta utvalet innsendte brev, lesarbrev i lokalavisa og andre innspel. Medlemmene var samde om at saka ikkje høyrde inn under utvalet sitt mandat.

Utvalet var samd om følgjande uttale: «Kontrollutvalet vil oppmode alle partar til å ha ein open og konstruktiv dialog i prosessen vidare».

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering og drøfting.

Sekretariatet syner til tidligare generelle retningslinjer for handsaming av innspel til utvalet, sist handsama av utvalet i møtet 11.06.20, sak 8/20.

Aksdal, 07.09.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversyn september 2021

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Kritisk kompetanse	11.02.21	220 timar	Under utarbeiding	Hausten 2021	
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Psykisk helsehjelp	17.09.20	11.02.21	23.03.21	04.11.21	
Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	21.11.19	11.06.20	22.09.20		

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Eigarskapsforvaltning	08.11.18	06.06.19	05.09.19	17.09.20/ 15.12.20	Avslutta
Risiko- og vesentleg-vurderingar	21.11.19	25.05.20	22.09.20		
Klima og energiplan	14.02.19	05.09.19	24.09.19	11.06.20/ 22.09.20	Avslutta
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	06.09.18	18.09.18	06.06.19/ 05.09.19	Avslutta
Forenkling, forbetring og effektivisering	25.04.17	26.04.18	15.05.18	14.02.19/ 19.03.19	Avslutta

Orienteringar

	Bestilt	Møtedato
Orientering frå rådmannen	25.05.20	11.06.20
Orientering om utvikling, plan og teknisk	25.05.20	17.09.20
Orientering om helse og omsorg	25.05.20	12.11.20
Orientering – kommunekasserer	25.05.20	11.02.21
Orientering - personalsjef	25.05.20	29.04.21
Orientering – oppvekst	25.05.20	14.09.21
Orientering - servicetorget	25.05.20	04.11.21

SULDAL KOMMUNE

Perioderapportering 31.07.2021



Kunde	Måned												Tot. timer	Tot. sum eks mva
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12		
Regnskapsrevisjon	27	3,5	37,25	91	27	2	10						197,75	189 840
Bekreftelse/attestasjoner	4,25	23,75	12,75	13,5	6	5,5							65,75	63 120
Kontrollutvalg		10		7			1,5						18,50	17 760
Rådgivning	2	6	1	0,5	2,5	1,5	6						19,50	18 720
Forvaltningsrevisjon	57,5	53,5	40		28,25	29,5	47,5						256,25	246 000
Total sum	90,75	96,75	91	112	63,75	38,5	65	0	0	0	0	0	557,75	535 440

SULDAL	FR	RR	ATT	KU	RÅD	TOTALT	SUM
B 2020	400,0	250,0	190,0	50,0		890,0	854 400
R 2020	432,0	353,8	120,5	28,0		934,3	896 928
B 2021	400,0	250,0	190,0	50,0		890,0	854 400
R 2021	256,3	197,8	65,8	18,5	19,5	557,8	535 440
B 2022	400,0	250,0	190,0	50,0		890,0	943 400

Budsjett 2022:

Budsjett fra tidligere år er videreført. Timeprisen økes med kr 100,- for 2022 slik at timepris blir kr 1 060,- + mva for kommuner og kr 1 115,- + mva for andre.

Forbruk 2021:

I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2020 gjennomført og planlegging/interimsrevisjonen for 2021 så vidt påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. tilskudd til ressurskrevende brukere. Forenklet etterlevelseskontroll for 2020 er gjennomført og presentert for kontrollutvalget sammen med presentasjon av regnskapsrevisjonen. Koronapandemi med utstrakt bruk av hjemmekontor mv har vanskeliggjort noe av arbeidet, men konstruktivt samarbeid med kommunen har likevel medført at regnskapsavleggelse har gått som planlagt. Av forvaltningsrevisjon er et prosjekt om Psykisk helsehjelp levert og prosjekt om Kritisk kompetanse under arbeid.

Til Kontrollutvalet i Suldal

Klimarapportering

Me syne til møteprotokoll frå kontrollutvalets møte torsdag 11. februar 2021 der leiar tok til orde for at dei folkevalde burde få tilbakemelding på klimaavtrykket som budsjett og rekneskap fører til. Leiar utfordra revisorane som var til stades i møtet om å diskutera dette med RR og melda tilbake om RR har kompetanse og interesse i å tilby slik rapportering/klimarekneskap til kommunane.

Vidare ville leiar at sekretariatet skulle undersøkje om det er interesse for slik tilbakemelding i dei kommunane dei betener. Det vert peikt på at om interessa er der kan RR ta til med eit viktig nybrottsarbeid når det gjeld forma på slik klimarapportering – og kommunane vera med å skapa ein marknad for slik klimakunnskap som eit styringsverktøy.

TILBAKEMELDING FRÅ RR

Me har vore i kontakt med fleire leverandørar av klimarekneskap, og spurt kommunar som Sola, Sandnes og Stavanger om deira erfaringar. Førebels er dette eit felt som er i ei tidleg fase. Me har samanfatta nokre av opplysingane nedanfor:

- Alle kommunane nyttar Miljødirektoratets klimarekneskap med 9 utsleppskategoriar. Pr. i dag er dette den mest utvikla og objektive rekneskapen, men han skil ikkje mellom kommunen sine egne utslepp og de som kjem frå andre utslepp innafor kommunen sine geografiske grenser. Ein kommune som Stavanger har fleire måleindikatorar i tillegg som dei vil nytta i eit meir detaljert klimarekneskap. Kommunen sitt første klimabudsjett er for året 2021. Rekneskap vil liggja føre 1,5 år seinare – altså i 2023. Stavanger kommune har dermed både klimabudsjettet, årsrapporten på klima og miljø og Miljødirektoratet sine kommunefordelte utsleppskategoriar som utgangspunkt for kva dei måle seg opp mot. I årsrapporten for klima og miljø har dei nokre måleindikatorar som viser utvikling og resultat for kommunen sin eigen drift – innan energi, transport og innkjøp.
- Dei kommunane som har berekna utsleppa frå eigen verksemd, har anten nytta *Miljøfyrtårnportalen* til Stiftelsen Miljøfyrtårn eller Asplan Viak sitt verktøy *Klimakost* for å få fram eit utsleppsrekneskap for eigen drift (eller dei kjøper tenesta av Asplan Viak). Sandnes har nytta Miljøfyrtårnportalen til å berekne klimagassutsleppa til 137 einingar i 2019. Drøyt 2 prosent av dei samla utsleppa i kommunen kjem frå kommunen sin eigen verksemd, særleg frå bruk av energi, men også transport og frå avfall. I Stavanger kommune har dei berekna egne utslepp til 1 prosent av de samla utsleppa i kommunen. Etter kvart som stadig fleire einingar i kommunen vert miljøsertifiserte, vil dei kunne aggregere egne utslepp opp på eit kommunenivå, og dermed meir eksakt vita kor store dei er. Asplan Viak sitt verktøy gjer det mogleg å

nytta eksisterande rekneskapsinformasjon å skape seg et oversiktsbilete over kva slag aktivitetar som bidreg mest til verksemda sitt klimafotavtrykk. Stavanger nyttar begge desse portalane, men rapporteringa er ikkje fullstendig førebels.

- Det er fleire kritiske røyster i kommunane til dei verktøya som så langt ligg føre. Ein kritikk er at dei er lite presise: Aukar den reknemessige omsetjinga frå eit år til eit anna, så aukar klimagassutsleppa tilsvarande mykje prosentvis. Då er det vanskeleg for kommunen å vita kva tiltak dei skal setja i verk. I eit klimanettverk på Nord-Jæren er dei i ferd med å utvikla eit felles regionalt klimabudsjett, men der dei ikkje skil mellom utsleppa samla i kommunane og utsleppa frå eigen verksemd. At dei ikkje gjer eit slikt skilje har samband med at dei siste utsleppa – frå kommunen sin eigen verksemd - er nokså små samanlikna med dei andre store utsleppskjeldene.

Pr. i dag tilbyr Rogaland Revisjon forvaltningsrevisjon av kommunane sin innsats for å få ned klimagassutsleppa, slik som den me gjorde for Suldal, og me drøftar internt og med Stavanger kommune om me skal tilby attestasjon av framtidige klimarekneskap. Fleire kommunar vil utvikla klimarekneskap i åra som kjem, og fleire kontrollutval blant våre eigarkommunar planlegg å tinga forvaltningsrevisjon av innsatsen på klimafeltet i åra som kjem.

Om me også skal tilby å utvikla eit system for kommunane til å rekne ut eigne klimagassutslepp, er noko som vil krevja innsats frå fleire kommunar i eigarskapsgruppa. På Haugalandet vart det i 2017 oppretta klimanettverk beståande av Karmøy, Haugesund, Tysvær og Bokn, og som fekk stønad frå klimasats i 2017. Fleire kommunar kan ha kome til etter kvart, og eit tema det er arbeid med er klimatilpassing. Dette kan vera ein aktuell arena for det initiativet utvalsleiar i kontrollutvalet har teke for å lodde interessa. Dessutan har alle kommunane på Haugalandet no gått inn i Rogaland Revisjon som eigarar. Også dette gir nye og interessante rammevilkår for eit breiare initiativ blant kommunane på klimafeltet.

Me er i selskapet i ferd med å byggja opp meir kompetanse gjennom nyrekruttering, og meine me kan vera ein relevant og kompetent tilbydar av eit slikt system som utvalsleiar etterspør.

Rune Haukaas

Rogaland Revisjon IKS

Revisjonsdirektør

Statsautorisert revisor/jurist

Ståle Opedal

Rogaland Revisjon IKS

Senior forvaltningsrevisor

Suldal kommune

26 MAI 2021

Oddvin Marvik
Suldalsvegen 901
4230 Sand

26.05.21

Suldal Kommune/v
Kontrollutvalet
Eidsvegen 7
4230 Sand

Heimfall Røldal Suldal Kraft

Ettersom det er politisk stille rundt heimfallsrettane etter RSK, og det kjem påstandar om at rådmennene og ordførarane i Ullensvang og Suldal har underteikna avtalar med Hydro som gjer at kommunane blir skadelidande i heimfallsaka, ønskjer eg at kontrollutvalet brukar ressursar på å få fram fakta om saka.

Tom Olsen engasjerer seg i saka og vil ta den til domstolane, men Suldal ser ikkje ut til å være med på den tanken.

At det er tausheit frå kommunes side både politisk og administrativt i ei så viktig sak kan virke underleg.

I tillegg er det stille i lokalavisa.


Med fakta på bordet kan alle speulasjonar og mistankar fjernast.
Borgarane i Suldal har krav på openheit og fakta i ei så viktige sak.

Viss me nå gir frå oss evigvarande heimfall til Lyse, der det er tvil om det juridiske, er det ein gåvepakke med gigantiske verdiar.

Om så er tilfelle viser det alvorleg svikt i handsaminga av saka frå kommunanes side.

Håpar nå at kontrollutvalet tar tak i saka, og får fakta på bordet.

Med helsing


Oddvin Marvik



Oddvin Marvik
Suldalsvegen 901
4230 Sand

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
Marvik	26.05.21	21/218/216/ogh	22.06.2021

VEDK. DYKKAR BREV OM HEIMFALL RØLDAL SULDAL KRAFT

Me syner til dykkar brev til kontrollutvalet i Suldal kommune, dagsett 26.05.21.

Kontrollutvalssekretariatet har mottatt og registret brevet 10.06.21. Det er vanleg praksis at utvalet får brev og liknande lagt fram i følgjande møte som referatsak.

Neste møte i Suldal kontrollutval er i følgje møteplanen 09.09.21. Utvalet vil i møtet drøfte om saka er innafør utvalet sitt mandat og eventuelt kva utvalet kan gjere vidare med saka.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre, må utvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje. Om kontrollutvalet skal handsame ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sine oppgåver er omtala i «Forskrift om kontrollutvalg og revisjon». Utvalet sine primæroppgåver er å sjå til at kommunen har ein forsvarleg rekneskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgåver på eit overordna nivå knytt til systemkontroll.


Kontrollutvalet skal ikkje vera eit klageorgan for enkeltvedtak eller ein arena for overprøving av politiske prioriteringar som er gjort av kommunalt folkevalde organ. Utvalet har heller ikkje mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga.

Me vil informere deg om utfallet av saka når endeleg vedtak er fatta. Sakskart og protokollar frå utvalet sine møter blir lagt ut på våre nettsider www.kontrollutvalgene.no

Med helsing
Kontrollutvalet i Suldal

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalssekretær

Emne **FW: LMT Utvalget 7 september møte**
 Avsender Tormod <skeierod@gmail.com>
 Mottaker 'Odd Gunnar Høie' <ogh@kontrollutvalgene.no>
 Dato 07.08.2021 08:38



- ATT00004.pdf(~378 KB)

Denne meldinga kjem til meg som formann, men er til kontrollutvalet og bør til postlista til sekretariatet.
 Helsing Tormod

Fra: Bjørn-Arild Andersen [mailto:barila@online.no]
Sendt: 6. august 2021 15:17
Til: Tormod
Emne: LMT Utvalget 7 september møte

Haugaland
 Kontrollutvalgssekretariat IKS
 Mottatt dato: 09.08.21
 Journalført: 21/278/ogw
 Arkivkode: 216

Hei.

Jeg ønsker at kontrollutvalget behandler denne saken.

Norges Miljøvernforbund har anmeldt Norsk Stein Jelsa AS for grov miljøkriminalitet.

Dette for å ha laget disse veiene.

Dersom LMT utvalget nå følger kommunedirektørens innstilling.

Vil det stride mot normal rettspraksis ?

Vil dette legge tilrette for presedens, i fremtidige byggesaker i Suldal kommune ?

--

Mvh.
 Bjørn-Arild Andersen
 Øvre Storskarhaugen 1
 5305 Florvåg
 Landsted:
 Skreddernesveien 7
 Høyvik.
 Mobil: 90725255
 Mail: barila@online.no

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Turi Ottersland Tjøstheim	K2-L42, Gnr/bnr-134/5	21/162

Saksnr	Utval	Dato
	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	

Gnr 134 bnr 5 - Norsk Stein AS - Søknad om dispensasjon for bygging av veg for grunnundersøkalser/kjerneboring

Dokumentliste

Dato	Tittel
16.03.2021	Gnr 134 Bnr 5 - Norsk Stein AS - dispensasjon - bygging av veg for grunnundersøking - kjerneboring - kulturminner - fråsegn
11.03.2021	Gnr 134 Bnr 5 - Fv 517 - Løyve til mellombels bruk av avkjørsel
07.03.2021	Gnr 134 Bnr 5 - Fråsegn - søknad dispensasjon bygging veg grunnundersøking kjerneboring
23.02.2021	Gnr 134 Bnr 5 - FV 517 - Bygging av veg for grunnundersøking - Uttale
11.02.2021	Gnr 134 bnr 5 - Norsk Stein AS - Søknad om dispensasjon for bygging av veg for grunnundersøkelsar/kjerneboring.
02.02.2021	Søknad om tilkomst for grunnundersøking i området Romsbotnheia - Vendaltdjønna - Kordalsnuten

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune gir dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2 og naturmagfaldslova § 8 – 12 for opprusting og bygging av tilkomstvegar for overflatekartlegging og kjerneboring som omsøkt på gnr 134 bnr 5. Om ikkje området blir omregulert til uttaksområde, skal vegen få status som skogsveg.

Vilkår for løyve er at Norsk Stein skal utføre eventuelle avbøtande tiltak frå Statsforvaltaren mtp registreringar av biologisk mangfald.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker. Klaga vert å senda Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand.

Saksopplysningar

Samandrag

Fakta

Norsk Stein har utan å søkje først rusta opp eldre skogsvei og bygd tilkomstvegar på om lag 1750 m for overflatekartlegging og kjerneboring. Kommunen blei tipsa om tilhøve, og Norsk Stein har i etterkant søkt om dispensasjon for tiltaket. Når saka er avslutta, vil ein kome tilbake til overtredelsesgebyr.

Lovert, føresegner, rundskriv,

Tiltaket treng dispensasjon og byggeløyve etter plan og bygningslova. Naturmangfaldslova.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Omsøkt veg ligg i Inf-område i kommuneplanen.

Innkomne uttalar

Statsforvaltaren i Rogaland vurderer følgjande:

«Det er svært uheldig at tiltaket er gjennomført utan søknad. Dersom ein hadde gjennomført normal søknadsbehandling med høyring og vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, ville ein ha avdekka at det i 2013 blei gjort registreringar av rovfugl og storfugl i sårbar nærleik til vegane. Dette er sensitiv informasjon unnateken innsyn. Høyring av søknaden ville gjort at ein hadde hatt moglegheit til å vurdert konsekvensar meir konkret og moglege avbøtande tiltak, for å hindre eller redusere negative verknader for viktig naturmangfald.

*Vidare går det fram i saksframlegget at tiltaket ikkje inneber ei oppgradering av vegklasse. Det går ikkje fram kva for ein vegklasse dei er innanfor eller om vegane svarer til tekniske og geometriske krav, samt om dei har fylgt krav om etterarbeid og tilpassing til omgivnadene. Ut frå potensielle skader og ulemper for naturmangfaldet i området vil Statsforvaltaren **rå i frå** å gi dispensasjon til omsøkt tiltak, og ber om at saka blir tilstrekkeleg opplyst i høve til naturmangfald og krav til veg»*

Rogaland Fylkeskommune, seksjon kulturarv:

«Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at vegen er i konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Området har heller ikkje særleg potensial for funn av ikkje kjente automatisk freda kulturminne. Vi har på bakgrunn av dette ingen merknader.»

Rogaland Fylkeskommune, seksjon forvaltning:

«Det kan se ut som traseene markert i kartet er knyttet til avkjørsel til gnr. 134 bnr.1. Vi vil informere om dersom dette er tilfelle hvor det er mer eller endret trafikk i avkjørselen i forbindelse med arbeidet må det søkes om utvidet bruk av denne avkjørselen. Dersom det kun gjelder for en bestemt periode, kan det eventuelt søkes om en midlertidig tillatelse.»

Kommunen har og fått inn merknader frå private i område. Dei etterspør om kommunen har gitt løyve til tiltaket og ein merknad går på at område har viktige kvaliteter i form av tiurleik og hekkeplass for sjeldne spetter.

Eit jaktvald som nytter eigeiendomen har også sendt inn merknad om at vegbygginga førte til mindre dyr i området og dårlegare jakt i byggeperioden hausten 2020.

Vurdering og konklusjon

Norsk stein AS starta hausten 2020 eit arbeid for å leggje til rette for overflatekartlegging og kjerneboring i mogleg nytt uttaksområde for stein på gnr 134 bnr 5. I samband med dette blei det rusta opp ein skogsveg og lagt nye vegtraseer i enden av skogsvegen for å nå fram til punkta for kjerneboring.

Kommunen vurderer det som aktløyse at eit firma som Norsk Stein gjennomførte eit vegprosjekt som dette utan å søkja om løyve på førehand. Som ein konsekvens av dette kunne ein ikkje gjere vurderingar i forkant i høve lovverket. Det vert med dette varsla at kommunen vurderer å starte sak om overtredelsesgebyr når spørsmålet om vegen er avgjort.

I søknaden som kom i etterkant frå NS blir hendinga gjort rede for med følgjande:

«Det blei inngått skriftleg avtale med grunneigar om arbeidet samt rett til å vedlikehalde og nytte eksisterande skogsvegar. Eksisterande traktorveg blei vedlikehaldt, dette besto i grøftereinsk, fjerning av rasmasse, forsterkingar i utsette parti og grusing. I enden av traktorvegen skulle ein bruke ein beltegåande gravemaskin til å jevne ut terrenget i eldre driftsvegar etter hogst, for å lage enkel trase for kjerneboring. I perioden dette blei gjort var det ein lengre nedbørsperiode,

og det blei ekstremt bløtt. Mangel på lausmasser, og myr som lå på bart fjell gjorde at behovet for å tilføre lausmasser var prekær. For å løyse dette blei det sprengt ut ein snuplass ved traktorvegen og nokre knattar på traseane ut mot borehola, og massen blei lagt på der det var nødvendig. Slik at det per definisjon blei etablert nye vegar, og det er disse traseane som nå blir omsøkt i etterkant.»

I kommuneplanen ligg omsøkte vegtrasear i generelt Inf-område. Hovudføremålet med vegen er prøveboring for kartlegging av steinkvalitet for mogleg uttak, noko som ikkje ligg innafor Inf-føremålet, og søkjar har trong for dispensasjon. Ein kan berre gi dispensasjon dersom dispensasjon ikkje set vesentleg til sides omsyna bak bestemmelsen det vert dispensert frå. For å gi dispensasjon må fordelane med dispensasjonen etter ei samla vurdering vera større enn ulempene. Etter lova bør heller ikkje kommunen gi dispensasjon dersom eit overordna statleg eller regionalt organ har uttalt seg negativt.

For Norsk Stein er omsøkte vegar nødvendige slik at dei kan utføre prøveboringar i mogleg nytt uttaksområde. Pga korona-situasjonen har prøveboringane blitt utsett og endå ikkje utført. Tiltaksanalyse i kommunekart.no visar at det aktuelle området ligg inne i grus- og pukkdatabasen til NGU som gir informasjon om dei aller fleste grus og pukkkforekomster i Norge. Forekomsten er vurdert som nasjonalt viktig, da det er moglegheit for betydeleg eksport.

Statsforvaltaren rår i frå å gi løyve, og peikar på at ein høyringsprosess i forkant ville avdekka sensitiv informasjon unnateken innsyn, om registreringar av rovfugl og storfugl i sårbar nærleik til vegane. Dei skriv og at ein høyring ville gitt moglegheit til å vurdere konsekvensar meir konkret og moglege avbøtande tiltak, for å hindre eller redusere negative verknader for viktig naturmangfald.

Dei etterlys òg opplysningar om kva for vegklasse vegane er bygd etter. Ein kan frå kommunens side opplyse at opprustinga av eksisterande veg er ein eldre traktorveg kl. 7 etter normalar for landbruksvegar. Det er framleis nokre bratte parti og krappe svingar som gjer at vegen ikkje tilfredsstillar krav til skogsbilveg etter disse normalane, slik at opprustinga pr definisjon ikkje er å sjå på som ein oppgradering til ein høgare vegklasse. Dei nye vegane må og vere å sjå på som traktorvegar kl 7 etter Normalar for landbruksvegar.

Separat sett, ville disse vegane vore eit gode for skogsdrift og skogkultur, samt gitt ein verdiauke for eigedomen med tanke på at skogen blir mykje meir tilgjengeleg. Det som då naturleg ville vore dekningsområde for vegen er produktiv skog, skogbruksplanen for område viser mykje furuskog i hkl. 4-5 med bonitetar F8 – F11. Noko er alt hogd, og ved synfaring vegane i området, kan det sjå ut til at det er noko glissen forynging. Suppleringsplanting bør gjennomførast om området ikkje blir omdisponert. At vegane vil vere nyttig som skogveg, er argument ein bør ha i bakhovudet som gode for grunneigar, om planane for utviding at uttaksområde ikkje blir realisert. Det er og mogleg med fleirbruk av ein skogsveg. Kommunen har vore i kontakt med grunneigarane og representantar for disse, og dei er positive til vegane.

Ut frå dei kjeldene kommunen har, vil ikkje omsøkte trasear direkte berøre nokon spesielle registreringar, men det er inga tvil om at området har fleir kvalitetar ein bør ta omsyn til ut frå naturmangfaldslova §§ 8 – 12. Statsforvaltaren sitter på sensitiv informasjon om storfugl og rovfugl i nærleik til vegane, samt at det har komme inn

merknad om at området har tiurleik og hekkeplassar for sjeldne spette-arter. Gardskart.no visar fleir biotopar av viktig, eldre skog og registreringar av hvitryggspett, gråspett og dvergspett på naboeigedomen. Hvitryggspett er ein sjeldan art, medan gråspetten er meir vanleg. Ut frå disse opplysningane om spetter, tiurleik, rovfugl og viktige biotoper i nærområde, skal ein være obs på føre-var prinsippet i naturmangfaldlova § 9. § 11 i same lov, seier at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Kommunen vurderer at delar av dei nye traseane er reversible tiltak, så ved ein eventuell dispensasjon som omsøkt, ville det vore nyttig å utfordre Statsforvaltaren på disse punkta. Slik at Norsk Stein kunne rette seg etter avbøtande tiltak frå Statsforvaltaren ved ein dispensasjon til tiltaket.

Vegen er nødvendig for NS for at dei kan foreta prøveboring som planlagt. Så sjølv om området ligg i NGUs base over moglege uttaksområder, forstår ein på Norsk Stein at det må prøveboringar til for kunne sikre at steinkvaliteten held mål. Det å få omregulert område til industri/uttaksområde er ein prosess som må inn i kommuneplanarbeidet, då dette gir heilt andre konsekvensar for området med tanke på biologisk mangfald mm enn vegen som nå er bygd. Miljørapportar og konsekvensutredning mm må då leggest fram, og ein må ta ein vurdering for heile området.

Etter ei samla vurdering der ein veger fordelar opp mot ulemper, rår kommunedirektøren til å gi dispensasjon som omsøkt på disse vegane. Nyttan vegen vil ha som skogsveg gir stor verdi for eigedomen, og NS bør få behalde vegane til prøveboring er gjennomført. Blir området seinare omregulert til steinuttak er det inga ressursmessig god løysing å krevje tilbakeføring. Men ein ser likevel verdien i at NS skal rette seg etter eventuelle konkrete avbøtande tiltak frå Statsforvaltaren i forhold til opplysningar kring spetter, storfugl og rovfugl. Dette bør gjerast uavhengig om området ikkje blir omregulert og vegen blir liggande som ein skogsveg når NS har utført prøveboring.

Høyvik, 01.09.21

Innspel til kontrollutvalets møte 09.09.21.

Viser til innsendt brev den 25.04.21 av underteikna m.fl. som gjekk til både ordførar i Suldal kommune, kontrollutval og LMT-utval. Brevet var oppe som sak i kontrollutvalet på møte 29.04.21. Ifølgje protokollen var konklusjonen følgjande: "Medlemmene var samde om at saka ikkje høyrde inn under utvalet sitt mandat. Utvalet var samd om følgjande uttale: «Kontrollutvalet vil oppmode alle partar til å ha ein open og konstruktiv dialog i prosessen vidare»"

Me synest dette var skuffande. Når det gjelder kontrollutvalet sitt mandat kan me mellom anna lese følgjande på Suldal kommune sine nettsider: "Kontrollutvalet har som hovudføremål å medverke til ei ålmenn tillit i befolkninga. (...) Vidare at den kommunale oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter."

På bakgrunn av dette mandatet skulle ein tru at kontrollutvalet kunne uttale seg meir tydeleg om sakene som blir nemnd i brevet, då det i stor grad dreier seg nettopp om den ålmenne tilliten i befolkninga til den lokale politiske styringa.

Dersom kontrollutvalet er opne for å ta ei ny vurdering av brevet frå 25.04. på neste møte den 09.09. vil me oppfordre til dette. Forøvrig er formålet med dette innspelet å ta opp to nye saker, som følgjer under.

Investering i Windworks Jelsa

Suldal kommune vedtok på siste kommunestyremøte den 21.08. å gå inn med ytterlegare 750 000 kr i Windworks Jelsa. Det står følgjande om vidare saksgang når det gjelder Windworks Jelsa sitt innspel til kommuneplan: "LMT-utvalet, og etter kvart kommunestyret, vil handsama innspela til kommuneplanen som sak seinare". Her sit altså Suldal kommune, slik leiaren for kontrollutvalet sjølv påpeikte, på begge sider av bordet. Spørsmålet er om det fører til god sakshandsaming og sikrar habilitet når kommunen er inne med etter kvart betydelege økonomiske interesser i ei sak som dei seinare kan avgjere lagnaden til. Me meiner dette ikkje er god praksis.

Bruk av ulovlege vegar bygd av Norsk Stein

Norsk Stein har som kjent bygd ulovlege vegar i LNF-område for å utføre prøveboringar. Dei har søkt om dispensasjon i etterkant, og saka skal opp i LMT-utvalet 7. september.

Kommunen har gitt Norsk Stein høve til å bruke vegane i påvente av ei avgjerd.

Statsforvalteren v/Ida Skålnes påpeikar følgjande i epost til Suldal kommune: "Me minner om at det må vere gitt dispensasjon før det vil vere lovleg å køyre i LNF-områda". Bruk av vegane er altså enn så lenge ulovleg. Suldal kommune v/Endre Gjil svarer at "Sidan vegen ligg der finn me det ikkje rimeleg å nekta Norsk Stein å bruka han til å køyra fram borerigg for å gjennomføra grunnundersøkingar.". Dette meiner me syner at Suldal kommune ikkje følgjer og handhevar gjeldande lovverk sjølv etter direkte påpeiking av Statsforvaltaren, og me synest dette er svært bekymringsfullt.

Kontrollutvalet bør vere merksame på at kommunen si handtering av saker relatert til Norsk Stein er av ein slik storleik og viktigheit for lokalsamfunnet at det har svært stor betydning for tilliten til den lokale politiske styringa.

Med helsing,
Nora Haaland Serigstad og Simen Bie Malde.

Emne **Sak til kontrollutvalet i Suldal sitt møte 09.09**
 Avsender **Bernt Jarle Vatland <BJV@sdir.no>**
 Mottaker **<post@kontrollutvalgene.no>**
 Kopi til **<skeierod@gmail.com>**
 Dato **05.09.2021 17:38**

Haugaland
 Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 06.09.21
 Journalført: 21/312/096
 Arkivkode: 216



Hei,

I Suldalsposten kan ein lese at kommunestyret 17.08 løyver ekstra midler til WindWorks-prosjektet i Høyvik/Berekvam:

<https://www.suldalsposten.no/nyhende/folkevalde-fryktar-for-samrore-effekt-men-havvind-prosjektet-far-likevel-fleire-kommunale-kroner/>

Eg meiner dette er ei sak kontrollutvalet må sjå på, mellom anna på grunnlag av punkta nedenfor.

- Suldal kommune har løyva penger til prosjektet både gjennom Ryfylke IKS og gjennom løyving direkte på 500.000 kroner
- I tillegg er det blitt løyva 750.000 kroner i tillegg til dette i følge artikkelen over
- Pengene er løyva til det som nøkternt er formulert som ein «mulighetsstudie» som skal sjå på både ulemper og fordeler ved prosjektet, ikkje minst for dei som blir naboar til dette. Men på folkemøtet på Jelsa 26.08 framstod kommunen sin representant Øyvind Valen som ein rein pådrivar for prosjektet der ulempene i all hovudsak blei nemnde i bisetningar.
- Det som gjer saka ekstra kontroversiell er at WindWorks-prosjektet er heilt avhengig av at Norsk Stein får sine omstridde utvidingsplanar godkjende.
- Kommunestyret skal til sjuande og sist behandle planforslaget som vil komme viss alt går i orden. Dei skal då objektivt vurdere fordeler og ulemper i eit prosjekt dei sjølv har løyva store pengesummer til – og i tillegg behandle planforslaget til Norsk Stein opp mot dette. **Dette verker svært uryddig.**
- Uansett på kva side ein måtte stå i denne saka/sakene er konsekvensene så massive at det i ettertid ikkje må kunne setjast spørsmålsteget ved dei demokratiske prosessene og saksbehandligna.

Sidan kontrollutvala skal føre tilsynsverksemd med kommunane mellom anna med «*..fokus på avdekke uetisk atferd..*» meiner eg det bør vere innanfor deira mandat å sjå på dette.

Helsing
 Bernt Jarle Vatland
 Haakonsveien 73B
 5519 Haugesund
 Tlf: 95060755

(hytteadresse: Skreddarnesvn 38, 4234 Jelsa)



KRISESENTER VEST

PROTOKOLL REPRESENTANTSKAPSMØTE KRISESENTER VEST IKS 11.06.21

Sted: via Teams

Tilstede: Bjørn Tollefsen (Etne), Ingeborg Skjølingstad(Bokn), Karin Dokken Austvik(Suldal), Leif Kongestøl(Kvinnherad), Sigurd Eikje(Tysvær), Ole Bernt Thorbjørnsen(Haugesund), Tove Grimsby(Utsira), Vibeke Vikse Johnsen(Karmøy), Yngve Bergesen(Vindafjord), Kristine Trane(Tysnes), Unni Seim (Bømlo), Jostein Førre(Sveio), Tarjei Haga (Stord), Kjell Magnar Mellesdal (Styreleder), Britt Helen Aasbø (daglig leder)

Referent: Britt Helen Aasbø

Sak 1 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Innkalling og saksliste er godkjent

Britt Helen Aasbø valgt til referent.

Underskrift av protokoll: Kristine Trane og Yngve Bergesen

Sak 2 ÅRSMELDING MED REVIDERT REGNSKAP 2020

Daglig leder orienterte om året 2020. Årsmelding og revidert regnskap er godkjent

Sak 3 BUDSJETT OG ØKONOMI 2022

Budsjett 2022 er godkjent

Sak 4 VALG AV STYREMEDLEMMER TIL STYRET

Valgkomite har innstilt følgende:

Morten Sørensen (nestleder) 2 år

Nina Iren Nesheim (styremedlem) 2 år

Vara velges for 1 år og følgende innstilles:

Grethe Anglevik (Suldal)

Lene Gjuvsland Skjelnes (Kvinnherad)

Torbjørn Reiser (Ullensvang)

Styret utgjør i perioden 2021- 2022 følgende styremedlemmer:

Kjell Magnar Mellesdal (styreleder) 1 år (Bømlo)

Morten Sørensen (nestleder) 2 år (Karmøy)

Nina Iren Nesheim (styremedlem) 2 år (Ullensvang)

Inger Johanne Moe (styremedlem) 1 år (Stord)

Jennifer Martinsen (styremedlem) 1 år (Haugesund)

Sak 5 VALG AV REVISOR

Daglig leder har sendt ut 3 prisforespørsler og har fått svar fra 2 revisjonsfirma. Haugaland Revisjon gav det rimeligste tilbudet.

Sak 6 FASTSETTING AV HONORAR TIL STYRET

Representantskapet opprettholder honorar på kr 60 000

Sak 7 VALG AV VALGKOMITE

Jostein Førre, Anne Lise Naasen og Sigurd Eikje er valgt til deltakere i valgkomite.



Kristine Trane



Yngve Bergesen



Haugaland brann og redning iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested:	Digital plattform (TEAMS)	
Møtedato:	24.08.2021	
Tid:	16 ⁰⁰ - 17 ⁰⁰	
Saker:	21/011-21/013	
Til stede:	Gerd Helen Bø, leder Jarle Nilsen, medlem Osmund Våga, medlem Linn Therese Erve, medlem Marte Eide Klovning, medlem Sigmund Lier, medlem Ole Johan Vierdal, medlem	Suldal Karmøy Bokn Sveio Utsira Tysvær Vindafjord
Forfall:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, medlem	Etne
Andre:	Elling Hetland, styreleder Torleif Østrem-Olsen, nestleder styre Tore Johan Enerstvedt, styremedlem Finn Ulvund, styremedlem Laila Steine, styremedlem Heidi Synnøve Nymann, fast vara i styre Karin Dokken Austvik, rådmann Suldal May Britt Jensen, rådmann Utsira Ingeborg Skjølingstad, rådmann Bokn Dag Botnen, daglig leder	
Diverse merknader:	-	
Underskrifter:		
Stad:	Haugesund	
Dato:	24.08.2021	

Gerd Helen Bø
leder

Sigmund Lier
medlem

Osmund Våga
medlem

Linn Therese Erve
medlem

Marte Eide Klovning
medlem

Jarle Nilsen
medlem

Ole Johan Vierdal
medlem

Møteprotokoll er sendt til:

- eierkommuner
- revisjonen/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
21/011	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
21/012	Revidering av beredskapsanalyse	Vedtak
21/013	Eventuelt	Vedtak

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

21/011 Godkjenning av innkalling og saksliste

Brannsjefen sin tilråding

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 24.08.2021

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i representantskapet

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

21/012 Revidering av beredskapsanalyse

Brannsjefen sin tilråding

- Representantskapet fastsetter følgende mandat for gjennomføring av beredskapsanalyse:
 - Analysen skal gi svar på organisering og dimensjonering av brannvesenet som sikrer at regelverk og mål for eierne innfris.
 - Analysen skal omfatte beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur uavhengig av kommunegrenser.
 - Det fastsettes en prosjektorganisering som sikrer medvirkning fra eiere og ansatte.
 - Som produkt av beredskapsanalysen skal det foreslås et branndokument for selskapet.

Utfyllende tekst for mandatet finner en under saksopplysninger.

- Styret ber daglig leder om å etablere en prosjektorganisasjon som får i ansvar å utarbeide beredskapsanalysen etter mandatet, ref. punkt 1. Prosjektorganisasjonen skal ha en referansegruppe som sikrer innflytelse og medvirkning.

Saksbehandling i styret 15.06.2021

Det er behov for å få mandatet for beredskapsanalysen behandlet i representantskapet før denne gjennomføres. Daglig leder tar kontakt med representantskapsleder for å planlegge et ekstraordinært møte så snart som råd. I møtet må det ytterligere avklares hva eierne legger i mandatet.

Til det ekstraordinære møtet legges det også frem en prosjektbeskrivelse og plan for gjennomføring.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

- Representantskapet fastsetter følgende mandat for gjennomføring av beredskapsanalyse:
 - Analysen skal gi svar på organisering og dimensjonering av brannvesenet som sikrer at regelverk og mål for eierne innfris.
 - Analysen skal omfatte beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur uavhengig av kommunegrenser.
 - Det fastsettes en prosjektorganisering som sikrer medvirkning fra eiere og ansatte.
 - Som produkt av beredskapsanalysen skal det foreslås et branndokument for selskapet.

Utfyllende tekst for mandatet finner en under saksopplysninger.

2. Styret ber daglig leder om å etablere en prosjektorganisasjon som får i ansvar å utarbeide beredskapsanalysen etter mandatet, ref. punkt 1. Prosjektorganisasjonen skal ha en referansegruppe som sikrer innflytelse og medvirkning.

Saksbehandling i representantskapet 24.08.2021

Brannsjefen foreslo endringer i ordlyd for mandat slik at dette samsvarer med terminologi som benyttes i lov og forskrift. Mandat er etter dette:

Eierkommunene ønsker et kosteffektivt og optimalt organisert HBR som kan levere den beredskapen som er nødvendig. HBR må dimensjoneres ut fra en beredskapsanalyse som sikrer at vi innfrir lov og forskrift og de mål som eierne har satt for HBR.

HBR må etablere en helhetlig beredskapsanalyse som tar for seg beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur. Det er viktig at selskapet søker en optimal stasjonsstruktur uavhengig av kommunegrensene. Analysen skal være beslutningsgrunnlaget for fastsettelse av branndokument (brannordning) for Haugaland brann og redning iks.

Det skal opprettes en referansegruppe hvor eierkommunene er representert ved kommunedirektører/rådmenn. Det er viktig med tett dialog og medvirkning underveis slik at nødvendige valg og beslutninger i prosjektfasen optimaliseres og at det er kunnskap om -og eierskap til løsningene. Det er ønske om en 3. partsvurdering underveis i arbeidet. Budsjett og plan for arbeidet utarbeides.

Arbeidet må koordineres mot eiere, politisk og tillitsvalgte. Arbeidet med beredskapsanalyse skal ha følgende leveranser:

- Prosjektbeskrivelse og -plan for gjennomføring.
- Milepælsplan (inkl. hørings-/beslutningsplan).
- Gjennomgang av eksisterende ROS-analyse og rapport som inkluderer forebyggende tiltak.
- Synergieffekter med utfallsrom og tiltaksplaner.
- Beskrivelse av budsjettkonsekvenser for 2022 (kortsiktige tiltak som gir synergieffekt og/eller innsparing)
- Sluttrapport.
- Forslag til branndokument.

Det presiseres fra leder av representantskapet at det må benyttes lokal kunnskap i arbeidet med beredskapsanalysen og det bør være flere eierrepresentanter med i arbeidet videre.

Øvrige kommentarer er at det må være geografisk spredning med tanke på ressurspersoner, men hvor det samtidig forventes en effektiv gjennomføring. Det bør hentes inn erfaringer fra andre brannregioner og det blir vist til beredskapsplaner som er utarbeidet for hver enkelt kommune.

Analysen er en revisjon av eksisterende plan, men må tilpasses mandatet. Videre må analysen behandles i de rette fora før denne fastsettes.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt med de justeringer som ble gjort i mandatet.

Vedtak i representantskapet

1. Representantskapet fastsetter følgende mandat for gjennomføring av beredskapsanalyse:
